



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Grete Lill Hjartnes	Arkivkode: FA-G40
Arkivsaksnr: 10/311	Løpenr: 18/4573
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	31.05.2018	032/2018
Kommunestyret	14.06.2018	026/2018

Tannhelsetenesta - søknad om å delta i prøveordning

14.06.2018 Kommunestyret:

Handsaming i møtet:

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken.

KS- 026/2018 Vedtak:

Samnanger kommune søker om å få delta i prøveprosjekt åleine eller saman med kommunar nær oss med tannlege i kommunal regi.

31.05.2018 Formannskapet:

Handsaming i møtet:

Rådmannen sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

FORM- 032/2018 Vedtak:

Samnanger kommune søker om å få delta i prøveprosjekt åleine eller saman med kommunar nær oss med tannlege i kommunal regi.

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Samnanger kommune søker om å få delta i prøveprosjekt åleine eller saman med kommunar nær oss med tannlege i kommunal regi.

Dokument som er vedlagt:

Brev frå Fylkesmannen i Hordaland datert 05.03.2018

Kva saka gjeld:

Bakgrunn

Helse- og omsorgsdepartementet har bedt fylkesmennene å kartlegge kva kommunar som ønskjer å delta i ei prøveordning der kommunen overtek ansvaret for den offentlege tannhelsetenesta frå fylkeskommunen. Dei ber om tilbakemelding frå dei kommunane som ønskjer å vere med i prøveordninga, innan 20. mai 2018.

Sidan fristen var 20. mai sendet kommunen fylgjande epost til Fylkesmannen 16.06.18

Med atterhald om vedtak i kommunestyret 14.06.18 ønskjer Samnanger kommune å delta i prøveordninga med tannlege i kommunal regi.

Fakta

Fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen legg til grunn at deltaking i prøveordninga skal vere frivillig og omfatte om lag 15 av kommunane i landet. Der ein fylkeskommunal tannhelse-klinikk omfattar fleire kommunar, må desse kommunane som hovudregel stå samla om ei slik oppgåveoverføring.

Samstundes meiner fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen at det bør opnast for unntak i tilfelle enkelte kommunar ikkje ønskjer å vere med i prøveordninga. Føresetnaden er då at denne/desse kommunane kan overførast til ein annan fylkeskommunal/ regional tannhelseklinikk.

Ved behandling av Prop. 71 L (2016-2017) *Endringer i helselovgivningen (overføring av det offentlige tannhelsetjenesteansvaret, lovfesting av kompetansekrav m.m.)* vedtok Stortinget forslaget til lovendringar, jf. Innst. 378 L (2016-2017). Samstundes vedtok Stortinget følgjande:

I

"Stortinget ber regjeringen legge til rette for en prøveordning som innebærer at kommuner som ønsker det, etter søknad kan få tillatelse til å overta ansvaret for tannhelsetjenesten fra 2020."

II

"Stortinget ber regjeringen sørge for at prøveordningen som starter i 2020, i de kommunene som ønsker å overta tannhelsetjenesten, følge evalueres frem til 2023. Basert på erfaringene i prøvetiden og endringer i kommunestruktur etter 2020, kan en videre utvidelse til flere kommuner tidligst skje etter 2023."

III

"Stortinget ber regjeringen vurdere behovet for økonomiske incentiver for kommuner som ønsker å overta tannhelsetjenesten".

IV

"Stortinget ber regjeringen komme tilbake med egen sak som vurderer overføring av den samlede tannhelsetjenesten basert på erfaringene fra prøveordningen som kan gi grunnlag for beslutning om overføring fra 2023."

V

"Stortinget ber regjeringen starte arbeidet med å bygge opp tannpleierkompetanse i kommunene. Slik oppbygging av tannpleierkompetanse i kommunene vil ha økonomiske og administrative konsekvenser som regjeringen vil måtte komme tilbake til i budsjettsammenheng."

Det vert elles vist til vedlegga i saka.

Vurdering:

Samnanger kommune har i dag tannlegekontor på Tysse. Frå 2020 er dette bestemt nedlagt og det er viktig for Samnanger kommune å halde fram med eit godt tannhelsetilbod i eigen kommune. Det er ikkje privatpraktiserande tannlege i Samnanger og reisevegen for å gå til tannlege både for born og vaksne vert lang.

Tannhelse er ein viktig del av helsetilbodet i ein kommune.

Regjeringa/Stortinget har vedteke ei prøveordning, som sikrar betre rammevilkår for dei som fell inn under ordninga, og ein tilrår at kommunen saman med andre kommunar søker om opptak i prøveordninga. I denne omgang er det å melde inn interesse, så må vi komme attende til saka seinare.

Konklusjon:

Samnanger kommune åleine eller i samarbeid med ein eller fleire kommunar søker om å få delta i prøveprosjekt med tannlege i kommunal regi, jf. skriv frå Fylkesmannen i Hordaland og frå helse- og omsorgsdepartementet.